

Referat frå soknerådsmøtet 17.06.2021

Møtestad: Kommunestyresalen

Tid: Kl. 18.30

Ord for dagen: **Roald**

Forfall: Sigrid Marie Fangel, Sigurd André Maraas. Ingen vararepresentantar møtte.

Innkallinga var sendt til:

Svein Lunde	leiar
Wenche Andersen Helland	nestleiar
Sigrid Marie Fangel	skrivar
Tom Rydland	medlem
Anne Marie Røed	medlem
Herman Inge Aadland	medlem
Håkon Rydland Sæbø	medlem
Aase Rygg H. Nøttveit	medlem
Roald Drønen	sokneprest
Sigurd Andre Maraas	kommunal representant
Jostein Skram	1. vara
Karin Maria Korsvik	2. vara
Magnor Tverderøy	3. vara
Hilda Gloppen	4. vara
Jan Ottar Wiik	5. vara
Svein Arne Theodorsen	vara for sokneprest
Jan Overweg	kyrkjeverje

Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMM REPR
2021/37	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	x
2021/38	012.1	Godkjenning av møtereferat frå soknerådsmøte 20.05.2021	x
2021/39		Orientering frå kyrkjeverja om arbeidet i soknet	x
2021/40		Gudstenesteplan for hausten 2021	x
2021/41		Årshjul for soknerådet – hausten 2021	x
2021/42		Meldingar / open post	

Sak 2021/37 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste godkjende utan merknader.

Sak 2021/38 012.1 Referat frå sist møte

På grunn av sjukmelding var ikkje referatet lagt fram for soknerådet i tide. Det var stor forståing for dette, og ein reknar med at medlemene får referatet til gjennomsyn og godkjenning ved eit seinare høve.

Sak 2021/39 Orientering frå kyrkjeverja om arbeidet i soknet

Kyrkjeverje la fram ei orientering om arbeidet i soknet:

Referatet frå årsmøtet 30. mai var underskrive og ville gå ut til medlemene fredag 18. juni.

Smittevern: Krav om 2 meter avstand er teke bort. 1 meter gjeld no. Det betyr for oss at 70 personar kan samlast til gudsteneste og 90 til gravferd og vigsel.

Ferieavvikling: Sokneprest, kyrkjelydspedagog og kontormedarbeidar har ferie som fell saman med juli månad ++. Kyrkjeverje/kantor har ferie dei 3 første vekene av august. Prostivikarane har ansvar for gudstenester og kyrkjelege handlingar i soknepresten sitt fråvær, bortsett frå gudstenesta i Kråko 18. juli. Då gjer Herman I. Aadland teneste.

Vidare: Kontormedarbeidar Elisabeth Søndenaå Oma går ut i fødselspermisjon i siste del av oktober. Kyrkjeverja har gjennomført medarbeidarsamling med dei tilsette. Desse samtalanene har avdekka god trivsel og entusiasme i staben.

Kyrkjeverja sitt høge arbeidspress løyser seg no opp litt etter litt. Det har vore eit arbeidskrevjande og strevsamt år i koronatida, - eit heilt annleis år. Men trass i alt har HMS gått bra.

Kyrkjeverja la så fram spenstige teikningar frå pensjonert arkitekt, Eilif Bjørge. Han er oppteken av Fitjar kyrkje og fremjar idear til god universell utforming. Desse berører særleg inngangsparti, tårn og tårnfot og toalettanlegg. Skissene, som så langt berre er på skrivebordstadiet, skapte engasjement i soknerådet. All ære til Bjørge, som brenn for kyrkja vår og gjer slikt ueigenntytting arbeid. Men vegen fram til gjennomføring er lang. For eit slikt prosjekt har mange implikasjonar: Pietet for noverande kyrkjebygg, diverse løyve og godkjenningar, og ikkje minst økonomi. Men stemninga i rådet var positiv til grunntanken. Alle ser behovet for betre universell utforming. Kanskje det bør setjast ned ei nemnd/plangruppe som kan ta tanken og ideane vidare? Spørsmålet vart stilt av formannen, utan at det vart heilt konkludert. Men eit frø er absolutt sådd.

Elles fortalde kyrkjeverja at Iver Kleive held orgelet vårt mellom eliten av kyrkjeorgel i landet vår. Den meldinga vart godt motteken.

Svein Lunde melde at arbeidsutvalet ynskjer å møta formannskapet for å orientera om arbeidet vårt og for å skapa ei djupare forståing for kyrkja og kyrkjelyden sin viktige funksjon i fitjarsamfunnet. Ein vil prøva å få dette til frå hausten av.

Sak 2021/40 Gudstenesteplan for hausten 2021

Gudstenesteplanen for hausten 2021 - slik den ligg føre – er drøfta med staben og gudstenesteutvalet. Takkofferlista fylgjer modell frå tidlegare år. Det er nokre fleire søndagar med takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Vedtak:

Soknerådet godkjenner gudstenesteplanen og takkofferlista for hausten 2021 slik den er lagt fram i møtet **med nokre få endringar**: Det vert takkoffer til Bibelselskapet 8. august og til Frelsesarmeen Stord korps 12. desember.

Sak 2021/41 Årshjul for soknerådet – hausten 2021

Det er fleire større saker som må handsamast i rådet i haust. Årshjulet er ein viktig reiskap for arbeidet i rådet i denne hausten også. Møtedatoane for soknerådet vert:

Torsdag 26. august – delvis felles med staben (17.00-18.30)

Torsdag 23. september

Torsdag 14. oktober

Torsdag 18. november

Arbeidsutvalet har sine møte onsdagar i veka før soknerådsmøtet (18.08, 15.09, 06.10, 10.11)

Vedtak:

Soknerådet godkjenner årshjul for hausten 2021 med eit par tillegg: Prostimiddagen vert i år torsdag 21. oktober. Tema for denne er «Dei frivillige i kyrkjelyden. Høyringsvar når det gjeld ny kyrkjeordning, må vera ferdig før fristen 1. desember.

Sak 2021/42 Meldingar / open post

- **Høyring om framtidig organisering av lokalkyrkja:** Grunnlagsdokumentet vart lagt ut i dag. Det er å finna på nettet. Det er viktig å byrja sjå på dette alt no.
- **Arbeid med visjon for kyrkjelyden:** Dette arbeidet er godt i gang. Tom Rydland kunne tenkt seg endå meir respons frå kyrkjelyden, sjølv om engasjementet er rimeleg godt. Han utfordra sokneråd og varamedlemer til også å svara på utsendt skjema. «Ei bra heimelekse i sommarferien!» Strategiutvalet analyserer og evaluerer det som kjem fram, og dei vil komma med ei oppsummering i augustmøtet.
- **Prostimiddag** Sunnhordland prosti 21.10.2021. Tema: «Dei frivillige i kyrkjelyden.»
- **Erling Prestbø** ynskjer avløyning frå leiarvervet i styret for Bakken barnehage (soknerådsbarnehagen). Han etterlyser også ein ny foreldrerepresentant i styret og ein representant frå dei tilsette. Styret bør bestå av 5 personar.
- **Fitjar Indremisjon** ynskjer å gjenta suksessen med felles familieleir på Brandøy. Dei har leigt leirstaden helga 29.-31. oktober. Soknerådet er positivt til tiltaket, Men då er det viktig at me er representerte i arrangementskomiteen.
- **Håkon R. Sæbø** fortalde om rafting og klatretur for fitjarungdommar. God oppslutnad og positive tilbakemeldingar. Viktig å få dei som fell litt utanom, med på slike tiltak. Midlane soknerådet løyver her, er kjærkomne og ei god investering i framtida. Dette bør også synleggjerast for politikarane i kommunen.

- **Roald Drønen** melde at han er med i psykososialt kriseteam i kommunen. Dette er ei viktig gruppe.
Nytt konfirmantkull er no påmeldt, og oppslutnaden er gledeleg god! Han og kyrkjelydspedagogen har hatt møte med konfirmantar og føresette, og dei ser fram til viktige samlingar med eit fint kull.
- **Tom Rydland** lurte på kva tid offer kjem opp på gammalt (akseptabelt) nivå? Kan me skaffa oss andre eller nye inntektskjelder? Dette vil verta arbeid vidare med når nemnda for forvaltning av kyrkjelydsprestefondet har konkludert.
- **Oppfølging av nemndene:** Skal me få til eit laurdagsmøte i september, eller bør me venta til januar 2022? Konklusjon vart ikkje trekt.

Møtet slutt kl. 21.50

Herman I. Aadland
skrivarvikar